

Søknad

Søknadsnr.	2018-0147	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018			
Prosjektnavn	Søknad om tilskot til breibandsutbygging på Torsnes og strekninga Myra-Hessvik			

Kort beskrivelse

Søker om tilskot til utbygging av høghastigheits breidband på Torsnes og strekninga Myra-Hessvik. Det vil gjera at heile Jondal kommune er utbygd.

Prosjektbeskrivelse

Søker om tilskot til utbygging av høghastigheits breidband på Torsnes og strekninga Myra-Hessvik. Det vil gjera at heile Jondal kommune er utbygd.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Jondal kommune Org.nr:944439927	Folgefonnvegen 2 5627 JONDAL	53669500
Kontakt- person	Arnved Soldal Lund	Folgefonnvegen 2 5627 JONDAL	97065875
Prosjekt- leder	-	-	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Jondal Energi KF (no Hardanger energi) starta utbygginga av breiband i Jondal sentrum i 2002. Etter den tid har breibandsnettet vorte vidare utbygd og dekker no nesten heile kommunen. I denne søknaden søker me om tilskot til dei to områda som ikkje er utbygd.

På strekninga Myra-Hessvik er det ikkje utbygd. Dette området vart ein del av Jondal kommune 1. januar 2013 då kommunegrensa mellom Kvinnherad og Jondal vart justert.

På Torsnes er det kvite felt og det er dårleg dekning for dei som ikkje ligg ved fjorden.

Jondal kommune er inne i store endringar. Me skal slå oss i saman med Odda kommune og Ullensvang herad. For innbyggjarane i Jondal kommune vil føre til store endringar på korleis ein samhandlar med kommunen. I dag er det låg terskel for å møte opp personleg på kommunehuset, både for rådgjevnad og levering av, til dømes, søknader. I den nye kommunen vil innbyggjarane i Jondal få lenger veg til kommuneadministrasjonen. Det gjer at fleire må samhandle med kommunen digitalt.

For nye Ullensvang kommune, og nasjonalt, er digitale tenester til innbyggerane eit viktig satsingsområde. Alle offentlege myndigheiter satsar på digitalt fysteival. Jondal kommune ynskjer å leggja til rette for at innbyggerane våre kan settast i stand til å nytta det.

I denne søknaden søker me om midlar til infrastrukturen, men Ullensvang kommune har òg starta eit prosjekt på digital rettleiing til dei som treng det.

Prosjekt mål

Målsetjinga til prosjektet er å få på plass tilbod om høgkapasitet i områda. Det vil gjera at bustadar, fritidsbustadar og verksemder vil kunne nytte seg av tenester og tilbod som stiller krav om høgkapasitets breiband.

Forankring

Jondal kommune har ein overordna visjon om at «Me skal bli fleire». Ein viktig strategi i det arbeidet er å skape bulyst. I ein tid kor det er eit mål om at fleire og fleire tenester skal skje digitalt, er det viktig at våre innbyggerar har høve til å nytte seg av dei tenestene heime.

Prosjektet er forankra hjå ordførar og rådmann i Jondal kommune. Prosjektet er ikkje forankra i kommunestyret enno.

Prosjektorganisering

Det er vanskeleg å seie noko om prosjektorganiseringa på noverande tidspunkt. Dersom Jondal kommune får tilskot, vil Jondal kommune vil ha ein koordinerande rolle. Det vil vera naturleg at Hardanger energi er med. Dei eig det eksisterande breibandsnett som skal utvidast.

Samarbeidspartnere

Jondal kommune har ikkje formalisert noko samarbeid med andre enno, men me må ha eit samarbeid med Hardanger energi. Dei er gjort kjent med at me sender denne søknaden.

Aktivitetar

Sjå milepælplan

Målgrupper

Målgruppa er alle bustader, fritidsbustader og verksemder på Torsnes og strekninga Myra-Hessvik

Resultat

At Jondal kommune har høgastigheits breibandsdekning i heile kommunen.

Effekter

Dei siste områda i Jondal kommune får godt breibandstilbod.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

September 2018 -- formalisera samarbeid

September – desember 2018 – Planlegging, prosjektering, kundepåmelding m.m.

Desember 2018 – vedtak om kommunalt tilskot (budsjett for 2019)

April 2019 – august 2019 – Utbygging

September 2019 – oktober 2019 – avslutning av prosjektet og rapportering

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Prosjektleiing	25 000	25 000				50 000
Utbygging stamfiber		2 200 000				2 200 000
Utstyr		650 000				650 000
Sum kostnad	25 000	2 875 000				2 900 000

Kostnadene er estimerte

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Eigen arbeidskraft	25 000	25 000				50 000
Kommunalt tilskot		850 000				850 000
Privat tilskot (utbyggar sin del)		1 000 000				1 000 000
Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland 2018	1 000 000					1 000 000
Sum finansiering	1 025 000	1 875 000				2 900 000

Kommunalt tilskot er ikkje budsjettert. Er avhengig av vedtak i budsjettet for 2019

Geografi

1227-Jondal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
12_Hordaland_JONDAL_10_Mbit.png	6 375 777	16.05.2018
12_Hordaland_JONDAL_100_Mbit.png	6 371 860	16.05.2018
Skjema for tilleggsinformasjon.pdf	1 720 638	16.05.2018
Skjerm bilde - høyring.PNG	75 864	16.05.2018